

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Støren

Emne: Ymse attåtfor

Bygdelag: Haukdalsgrenda

Oppskr. av: Jens Haukdal

Gard: Haukdal

(adresse): Snøan st

G.nr. 59 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A. Forskjellige røter.

Har aldri høyrd gjete at slikt for har vore bruka.

B. Bregner (blom).

Det same må søgast om dette forslaget.

II. Yang og tare.

Har heller ikkje vore bruka.

III. Anna for av plantor.

Av planteslag som ikkje er nemnde her må eg nemne:

"tort" som vart samla inn til grisemat. Grisen fekk dette forslaget ferskt.

IV. Hestemøkk.

Hestemøkk har aldri vore bruka som for her.

V. Sørpefor.

Sørpefor har vore bruka, men det ein meiner med sørpe er ikkje lenger i bruk her..

Det vart bruka oppsop frå lemnen. Høyfrø og mask som ein slo varmt vatn på og gav det til dyra. Koking av sørpe har ein ikkje bruka her. Når ein slo kokande vatn på sa ein aldri at sørpa vart koka.

2

Ein bruka sørpe av hakkels, agner og potetgras. Dyra kunne få bygg- eller havremjøl på, men det var ikkje vanleg å gje mjøl på sørpa.

3

Sørpa var for det meste gje kald..

4

Rognebær vart samla inn og tørka til hønefor.

2

5.,6.,og 7.

Desse forslag er ikkje kjende her i grenda.

VI.Fiskeavfall.

I ei innlandsgrend som denne er det sjeldan at ein har bruka,eller brukar fiskeavfall som før.

I somme høve har det vore kjøp inn førsild,men det har ikkje vore vanleg.

J.Haukdal.